

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Ramma for planlegging vert auka med 4,5 millionar, som vert fordelt slik:
- 2,5 mill til gjennomføring av KS2 for Atløysambandet
- 2 millionar til kvalitetssikring/oppdatering av eldre reguleringsplanar, blant anna på følgjande prosjekt: fv405 frå fv57 til Seim skule, fv5246 Hetlevik (frå sнопlassen).
Auka ramme vert innarbeida i budsjett for 2021.»

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, SV og MDG fram slik forslag:

«Det vert bedt om ei sak planleggingsmidlar til Fv 615 Sandane-Fitje for 2021.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Djuvik sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og FNB) og fall.
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Med atterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjett 2021 vert planleggingsmidlar for 2021 på 25,5 mill. kr fordelt slik:

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
Sogndal	Fv. 55 Bru over Esefjorden	1 500 000
Sunnfjord	Fv. 609 Heilevang	2 500 000
Bremanger	Fv. 616 Svelgen - Indrehus	950 000
Sunnfjord	Fv. 611 Sæle - Engebø	2 200 000
Kvinnherad	Kvinnheradpakken - reguleringsplan	3 000 000
Alver	Fv. 565 Ny Alversund bru med veg	1 350 000
Kvam	Fv. 49 Tokagjelet	1 250 000
Fitjar/Stord	Fv. 545 Stord vestsida, Fitjar/Stord	100 000
Kvam	Fv. 79 Plan Øystese - Ålvik - Granvin	300 000
Sveio	Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum	350 000
Alver	Fv. 564 Fløksand-Vikebø	200 000
Alver	Fv. 57 Lindås - Austrheim grense	450 000
Luster	Fv. 44 Høyheim - Nes	100 000
Askvoll	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	50 000
Høyanger	Fv. 55 Tronvik - Ulvåna	300 000
Alver	Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid (gs-veg)	450 000
Stad	Fv. 620 Kjøde - Sandvik	50 000
Kvinnherad	Fv. 49 Forprosjekt Nordrepollen-Austrepollen	200 000
Bømlo	Fv. 542 Svortland sentrum	300 000
Etne	Fv. 5014 Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes	300 000
Askøy/Bergen	Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet	50 000
	Miljøtiltak - problemkartlegging	50 000
	Støykartlegging	350 000
	Diverse mindre planprosjekt	600 000
	Forprosjekt - enkeltprosjekt Vestland	1 500 000
	Forprosjekt/reguleringsplanarbeid i kommunal regi kopla mot fylkesveg	1 300 000

Sunnfjord	Fv.57 Storehaug-Båtevik-Sunnfjord, kommunedelplan	1 000 000
Ullensvang	Fv. 49 Forprosjekt Egne Hjem - Odda	100 000
Austevoll	Planmidlar forprosjekter -Austevollpakken	300 000
Voss	Forprosjekt Parsell av fv.5402 - Ringheimsvegen	100 000
Gloppen	Fv. 700 Sandane-Austrheim	150 000
	Ufordelt løyving - må fordelast seinare	4 100 000
Totalt		25 500 000

2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren for infrastruktur og veg fullmakt til å gjere endringar i fordeling av løyvinga mellom planprosjekta ut frå framdrift gjennom året.

3. Det vert bedt om ei sak planleggingsmidlar til Fv 615 Sandane-Fitje for 2021.